

TILVENNING



Det er viktig for oss at de opplever at den første tida i barnehagen går bra. Dette vil danne grunnlaget for at barnet vil oppleve barnehagen som ein trygg og god stad å vere.

Det kan vere lurt å begynne å øve på å vere litt frå kvarandre, før barnet begynner i barnehagen. Til dømes at familie eller venner tek ansvar for barnet for ei kort periode, slik at barnet erfarer at mamma og pappa kan gå, men kjem alltid tilbake igjen.

For at barnet ditt skal få ei gradvis tilvenning er de velkomne til å vere saman med barnet dykkar den første tida i barnehagen. Nokre barn treng kort tid for å verte trygge, medan andre treng noko lengre tid til tilvenning.

Vi gjer avtalar etter kvart som vi ser korleis det går; med korte dagar dei første dagane. Det er viktig at du er tilgjengeleg for barnet dei første dagane og at du alltid seier frå når du gjeng.

For barnet er det viktig at vi får informasjon som er viktig å vite om i barnehagen, derfor ber vi dykk tenke gjennom ting som kan vere av betydning.

Av utstyr er det greitt å ta med alt til første tilvenningsdag. [Sjå utstyrsliste](#)

PRIMÆRKONTAKTENE OG DEIRA OPPGÅVER



Mål:

Primærkontakt er ein vaksen som har særskild merksemd for ditt barn. Ved at vi deler barnegruppa mellom dei tilsette, sikrar vi at alle barna vert sett og at barnet får den omsorga det skal ha med oss.

I tilvenningsperioden er primærkontakt særskild viktig. Primærkontakta står for tryggleik og nærheit, og hjelper barnet til å fungere i lag med dei andre barna.

Metode:

Primærkontakta skal gjennom dagen, både inne og ute, ha positiv kontakt med sine primærbarn. Dei skal prate, leike, oppmuntre og trøyste i dei nye situasjonane barnet ditt møter i løpet av barnehagedagen. Samtidig skal den vaksne gi utfordringar, oppmuntre og vere særskild merksam på sine primærbarn.

Den vaksne skal også legge til rette for god kontakt og kommunikasjon mellom heim og barnehage.

Du vil få informasjon om kven som blir ditt barn sin primærkontakt ved oppstart.